



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansane etter adresseliste

Dykkar ref

Vår ref
13/42

Dato
08.02.2013

Høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

1. Innleiing

Fiskeri- og kystdepartementet sender med dette forslag til særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden på høyring. Utkast til forskrift er vedlagt (././).

Høyringsbrevet omhandlar forslag til regulering av den ståande biomassen i Hardangerfjorden, inkludert Langenuen.

Framlegget inneber at dersom det står meir fisk i sjøen i anlegg med konvensjonelle produksjonsløysingar enn 50.000 tonn, vil eit produksjonsreguleringsregime tre i kraft. Produksjonskapasiteten til alle løyve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeare som blir utnytta i konvensjonelle produksjonsløysingar i området blir redusert. Storleiken på reduksjonen vil vere avhengig av kor stor overskridinga er. Reduksjonen kan likevel bli nytta i Hardangerfjorden under særlege vilkår, eller utanfor verkeområdet til forskrifta men innafor den regionen løyvet høyrer heime. Dette er nærare utdjupa i punkt 5.

Vi gjer merksam på at dette høyringsbrevet og merknadene i høyringsrunden i sum vil utgjere eit grunnlag for å ta ei endeleg avgjerd i saka om fastsetting av ei eiga forskrift som regulerer den ståande biomassen i Hardangerfjorden. Vi ber derfor høyringsinstansane særleg om å kome med innspel på konsekvensar av dette forslaget, både av økonomisk, miljømessig og praktisk art.

Departementet er klar over at ei slik regulering vil kunne få betydelege konsekvensar

for næringa og for sysselsettinga i området. Det er likevel naudsynt å setje i verk tiltak som kan bidra til ein betre miljømessig tilstand i området, for at både havbruksnæringa og villfiskinteressene skal verte ivaretatt på ein god måte. Regulering av biomassen vil saman med andre tiltak som er sette i verk i Hardangerfjorden, kunne bidra til dette.

Frist for merknader er sett til **22. mars 2013**.

Fråsegnene skal sendast til Fiskeri- og kystdepartementet, PB 8118 Dep, 0032 Oslo eller på e-post til postmottak@fkd.dep.no.

Liste over adressatane er vedlagt. Vi ber om at instansane sjølve legg høyringsbrevet fram for eventuelt interesserte underliggende etatar og organ.

2. Bakgrunn

Hardangerfjorden er eitt av dei mest oppdrettsintensive områda i Noreg. Det blir produsert laks til ein eksportverdi på ca. 2 milliardar kroner i det området som vi her tek føre oss, og i følgje tal frå Fiskeridirektoratet er i overkant av 650 personar sysselsett direkte i havbruksnæringa i Hordaland. Oppdrettsverksemda i området har mykje å seie for sysselsetting og næringsutvikling, og verksemda gir nasjonal og lokal verdiskaping.

Det er mange omsyn som skal vegast opp mot kvarandre i Hardangerfjorden; omsynet til viltlevande laksefisk, villaksnæringa og fritidsfisket, men også omsynet til verdiskaping, sysselsetting og produksjon i havbruksnæringa.

Utfordringane i Hardangerfjorden er mange, men dei er i hovudsak knytt til at villaksstammene og sjøaurestammene har vore svake i mange år. Årsaka til dette er samansett. Det er likevel fagleg semje i forskingsmiljøa og forvaltninga om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er viktige årsaker til problema for viltlevande laksefisk i dette området.

3. Om arbeidet med Hardangerfjordforskrift og utviklinga i saka

I april 2008 bestemte Fiskeri- og kystdepartementet at situasjonen i Hardangerfjorden skulle frysast. Dette innebar at det ikkje er tillate å klarere nye lokalitetar eller utvide eksisterande lokalitetar i området, og at det ikkje skulle opnast for tildeling av nye løyve i Hardangerfjorden. Vidare kan ein heller ikkje flytte biomasse inn i området. Frysvedtaket er delvis implementert *i forskrift om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 37a (laksetildelingsforskriften)*.

Frysvedtaket kom i stand etter bekymringsmeldingar frå Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen i Hordaland om at tilstanden for viltlevande laksefisk var dårleg, mellom anna på grunn av påverknader frå havbruksverksemda i området.

I 2009 vart det i Strategi for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring slått fast at frysvedtaket skulle bli erstatta av ei eiga forskrift som regulerer den ståande biomassen i Hardangerfjorden. Denne forskrifta skal bidra til å sikre ein fornuftig sameksistens mellom oppdrett og villfiskinteressene i området.

Same år sende departementet på høyring eit forslag til Hardangerfjordforskrift, som gjekk ut på å avgrense den ståande biomassen i sjøen i Hardangerfjorden til 50 000 tonn fisk. Vidare vart det foreslått at det ikkje var tillate å tildele nye løyve eller klarere nye lokalitetar for matfisk eller stamfisk i området. Grensa på 50 000 tonn svarar til storleiken på den ståande biomassen i området på tidspunktet for høyringsforslaget, som var ca. 48 000 tonn fisk i 2009.

Forskriftsforslaget inneheldt to alternativ til regulering av den ståande biomassen. I det første alternativet fekk næringa høve til å komme med eit felles forslag om korleis biomassen skulle byggjast ned, dersom den oversteig 50 000 tonn fisk. Dersom dei berørte aktørane ikkje vart samde, kunne Fiskeridirektoratet ta avgjerd om nedbygging av biomassen i kvart løyve i området ut frå omsynet til

- a) kor stor del av biomassen innanfor løyvet som er utnytta i tidsrommet 1. april 2005 og 1. april 2008,
- b) ansiennitet, dvs. kva tidspunkt løyvet vart tilknytt ein lokalitet innanfor Hardangerfjorden og
- c) kva høve innehavaren av løyvet har til å flytte heile eller delar av produksjonen ut av Hardangerfjorden.

I alternativ 2 vart det opna for den same løysinga, men forslaget la ikkje opp til at næringa sjølv kunne bli samde om nedbygging av den ståande biomassen.

Begge forslaga møtte sterk motstand frå næringa og Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL). Blant anna på bakgrunn av kritikken frå høyringsinstansane, vart det sendt på høyring eit nytt utkast til hardangerfjordforskrift vinteren 2011. Dette forslaget gjekk ut på at kvart selskap innanfor forskriftsområdet skulle kunne nytte 3 løyve fullt ut, medan den tildelte biomassen i dei resterande løyva kunne nyttast med inntil 25 %. Dette skulle sikre at den ståande biomassen i Hardangerfjorden ikkje ville overstige 50 000 tonn. Langenuen vart nå omfatta av verkeområdet til forskrifta, etter råd og innspel frå Havforskningsinstituttet og andre faglege instansar i høyringsrunden 2009. Forskriftsutkastet hadde ingen innskrenkingar i moglegheita for at biomasse som ikkje kunne nyttast i Hardangerfjordområdet, kunne nyttast andre stader i Fiskeridirektoratets region Vest.

Også dette forskriftsforslaget møtte mykje motstand frå fleire hald. Gjennom begge høyringsrundane, gjennom fleire møte med næringa, miljøinteressar og lokale politikarar, og gjennom departementet sine eigne undersøkingar, er ei rekkje omsyn belyste og utgreidde.

I ein konsekvensanalyse frå Asplan Viak, utarbeidd på bestilling frå FHL, er det gjort greie for konsekvensane for næringa dersom høyringsforslaget frå 2011 vart innført. Mandatet for analysen var å berekne reduksjon i produksjonskapasiteten og sysselsettinga i Hardanger/Sunnhordland og på Vestlandet, etter at soneforskrifta til Mattilsynet hadde "sett seg". I rapporten er det berekna ringverknader av eitt løyve til matfiskoppdrett, talet på løyve som ikkje kan nyttast fullt ut, overslag over redusert produksjonskapasitet i Hardangerfjorden, verknadene for sysselsettinga og omfanget av redusert verdiskaping.

I følgje konsekvensvurderinga ville innføring av ei forskrift som svarar til utkastet frå 2011 få følgjande konsekvensar:

- Den årlege produksjonen i Hardangerfjorden vil blir redusert med mellom 47 000 og 65 000 tonn fisk.
- Tapet i omsetninga er rekna til 1 830 millionar kroner.
- Det vil gå tapt mellom 300-460 arbeidsplassar (både direkte og indirekte sysselsette).

Vidare er det rekna med at innføring av forskrifta og reduksjonen i produksjonen vil føre til:

- Mindre produktivitet og auka faste kostnader per produsert eining.
- Redusert produksjon eller store svingingar i produksjonen som kan føre til problem med å inngå langsiktige leveransekontraktar i marknaden.
- Slakteri og vidareforedling blir ulønnsamt på grunn av redusert tilgang på råstoff.
- Redusert inntening i bedriftene fører til mindre økonomisk handlingsrom for målretta produktutvikling, produksjonsutvikling og kompetansebygging.
- Økonomisk evne til å motarbeide sjukdom, rømming og miljømessige utfordringar vil minke på sikt.
- Redusert anleggsverdi og redusert selskapsverdi.

Vi gjer merksam på at det er oppretta ei oversikt over gangen i saka på nettsidene til Fiskeri- og kystdepartementet, sjå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/havbruk/oversikt-over-saksgangen-i-arbeidet-med-.html?id=663230>. Her ligg det også link til alle dokumenta i saken.

4. Dagens tilstand i Hardangerfjorden

Det er tildelt 100 løyve på til saman 87 158 tonn i Hardangerfjorden og Langenuen. To av desse løyva er stamfiskløyve. 84 av matfiskløyva er og klarert for lokalitetar utanfor Hardangerfjorden i Region Vest, medan av 17 matfiskløyve og er klarert for lokalitetar i Region Sør.

I 2012 var utnyttingsgraden i Hardangerfjorden og Langenuen på om lag 65 prosent, noko som inneber at produksjonskapasiteten per løyve ikkje blir nytta fullt ut (100 prosent) i Hardangerfjorden, men altså berre 65 prosent (løyvet kan like fullt vere utnytta meir, fordi dei fleste løyva også er klarert på lokalitetar utanfor Hardangerfjorden).

Då frysvedtaket vart gjort i 2008, var den ståande biomassen i Hardangerfjorden om lag 48 000 tonn. Inntil utløpet av 2011, har aktørane i Hardangerfjorden og Langenuen grovt sett ikkje hatt over 50 000 tonn ståande biomasse. Nyare tal frå Fiskeridirektoratet viser at biomassen i 2012 stort sett har vore over 50 000 tonn og opp mot 65 000 tonn. Ved årsskiftet var den ståande biomassen 56 000 tonn. Næringa har med andre ord tilpassa drifta, og dette har ført til ein auke i mengda fisk som til ei kvar tid står i sjøen.

Som det er nemnt i punkt 2, var rømt oppdrettsfisk og lakselus noko av årsaka til at tiltak vart sette i verk i 2008 i Hardangerfjorden. I avsnitta under vil vi gå gjennom tal som gir eit bilde av utviklinga for rømming og lakselus i Hardangerfjorden. Vi har også teke inn ei oversikt over tilstanden for viltlevande bestandar av laks og sjøaure i hardangerområdet og i andre regionar i nærleiken av Hardanger.


4.1. Rømming

Under følgjer ein oversikt over rømming i området Hordaland/Rogaland i perioden 2008-2012. Mengda laks som har rømt i Hordaland og Rogaland har variert og hadde ein topp i 2010, då 76 000 laks rømte frå eitt anlegg.


	2008	2009	2010	2011	2012
RAPPORTERT RØMMING (laks)					
Rømmingstal Hordaland	169	32 224	111 411	24 940	0 ¹
Rømmingsshendingar Hordaland	1	4	6	5	0 ¹
Rømmingstal Hardanger	0	0	85 629	7940	0 ¹
Rømmingsshendingar Hardanger ²	0	0	4	4	0 ¹
Rømmingstal Rogaland	200	2	53 342	29 932	2 761 ¹
Rømmingsshendingar Rogaland	2	1	3	1	1 ¹

¹ Førebels tal til og med 31.12.2012. Tal frå 2008-2010 er faktiske tal som er kontrollert etter slakting. Tal for 2011 og 2012 er rapportert inn, og kan endrast etter at fisken er slakta og kontrolltald.

² Tala viser rapporterte eller avdekka rømmingsshendingar.



Oversikt over prosentdelen oppdrettslaks under gytefiskteljing i perioden 2004 -2010



Oversikt over prosentdelen oppdrettslaks under gytefiskteljing i 2011.

Kjelder:

- Rømmingstal og rømmingshendingar: Fiskeridirektoratet
- Innslag av rømt laks: NINA minirapport 384 "Forskningsbasert kunnskap om rømming og lakselus"
- Oversikt over mengda oppdrettslaks i Hardanger: Uni Miljø-rapport nr 205: Resultater fra Pilotprosjekt Hardangerfjorden 2011.

4.2. Lakselus

Tabellane under viser utvalde data knytt til lakselus på vill laksefisk i perioden 2009-2012, basert på rapportar frå Havforskningsinstituttet.


Laks mai/juni	2009	2010	2011	2012
Tal på fisk undersøkt (N)	116	60	38	97
% dødeleg påverka ((n))	5,2(6)	1,7(1)	26,3(10)	12,4(12)

Sjøaure Periode 1 (mai/juni)	2009	2010	2011	2012
Tal på fisk undersøkt (N)	58	65	111	375
% fysiologisk påverka ((n))	8,6(5)	0(0)	39,6(44)	43,7(164)
% dødeleg påverka ((n))	0(0)	0(0)	16,2(18)	24,8(93)

Sjøaure Periode 2 (juli og seinare)	2009	2010	2011	2012
Tal på fisk undersøkt (N)	44	91	140	446
% fysiologisk påverka ((n))	43,2(19)	52,7(48)	29,3(41)	89,7(400)
% dødeleg påverka ((n))	13,6(6)	22,0(20)	19,3(27)	72,0(321)

Aktiviteten er trappa opp frå 2011, og det er berre dei siste åra at talmaterialet er stort nok til å gi eit tilfredsstillande bilete av førekomsten. Tala for 2012 viser at påslaget av lakselus på sjøaure er betydeleg.

Grafen under viser gjennomsnittstalet på vaksne hunnlus per fisk i oppdrett i Hordaland i perioden 2009 til 2012, og er basert på tal rapportert til Mattilsynet.



Våravlusinga i Hordaland skulle i 2012 skje mellom 16. mars og 20. april med tiltaksgrense på 0,1. Merk at den senka tiltaksgrensa ligg i forkant av utvandringsvindauget for villaks, slik at effekten av lusebehandlinga er størst i sjølve utvandringsvindauget (rekna til mai-juni)

4.3. Situasjonen for bestandane av vill laksefisk i Hardangerfjorden

Under følgjer ein oversikt over innsig av og bestandsstatus for vill laks i området Hordaland/Rogaland i perioden 2008-2012. Opplysningane er henta frå statusrapportar for 2010, 2011 og 2012 frå Vitenskaplig Råd for Lakseforvaltning.

	2008	2009	2010	2011	2012
INNSIG AV VILLAKS					
Nasjonalt	484 000	370 000	480 000	500 000	-
Svenskegrensa – Stad ³	114 000				
Sør-Noreg (Ø – R)		72 000	106 000	135 000	-
Vest-Noreg (H + SF)		17 000	18 000	43 000	-
Mengd i tonn (nasjonalt)	837	627	699	758	-
BESTANSSTATUS VILLAKS					
Bestandar oppnådd GBM ⁴ nasjonalt	-	~36 %	~56 %	64 %	-
GJENNOMSNIITLEG PROSENTVIS OPPNÅING AV GBM⁴					
Rogaland	-	-	~96 %	~100 %	-
Hordaland	-	-	50 %	~100 %	-

Uni Miljø har berekna tettleiken av egg som er gytt for kvart år for laks og sjøaure i elvane i Hardanger, ut frå gytefiskteljingar. Resultata viser at laksebestandane frå Rosendal og innover i Hardangerfjorden i liten grad har oppfylt gytebestandsmåla (GMB) i perioden for undersøkinga, bortsett frå i 2011. Sjølv på dette tidspunktet hadde dei lågare tettleik av egg enn bestandane elles på Vestlandet.

Dykkerregistreringar gjort av Uni Miljø har vist betydeleg meir rømt laks i elvane i Hardanger og Sunnhordland enn i resten av landet. Det var likevel i gjennomsnitt ein vesentleg mindre del rømt laks i elvane i Hardanger og Sunnhordland i 2011 enn åra før. Likevel er det viktig å sjå mengda rømt laks i lys av at innslaget av villaks var spesielt høgt det året. Sjølv med eit betydeleg høgare innsig av laks enn det som har vore vanleg dei siste åra, var mengda rømt laks høgare i mange vassdrag.

Auken i innsiget av mellomlaks på Vestlandet og Sørlandet i 2011 må sjåast i lys av eit regionalt mønster i stor skala, som sannsynlegvis er knytt til betre oppvekstvilkår i havet, og i tillegg også kombinert med lågare infeksjon av lakselus for utvandrande laksesmolt frå mange vassdrag på Vestlandet dei seinare åra som følgje av havbruksnæringas samordna våravlusing. Overvakinga til Havforskningsinstituttet syner at lusebelastninga på utvandrande smolt i hardangerområdet har auka sidan 2010.

³ Tal for innsig 2008 har ei anna geografisk inndeling enn perioden 2009-2011.

⁴ GMB = gytebestandsmål

Utviklinga for sjøauren i Hardangerfjorden er ein del av eit regionalt utviklingstrekk for sjøauren i Noreg. På Vestlandet og i Midt-Noreg er fagstar av sjøaure nær halvert i perioden 2004-2010 samanlikna med perioden 1994-2003. Direktoratet for naturforvaltning meiner det er svært sterke indikasjonar på at årsaka til dette er redusert overleving i sjø. Hovudårsakene ser ut til å vere lakselus, dårlegare tilgang på næring og klimaendringar. Stammane av sjøaure i midtre Hardangerfjord har vore så svake dei seinare åra at det ikkje har vore eit haustbart overskot som grunnlag for fiske i denne delen av området.

5. Nærare om forskriftsforslaget

5.1. Formålet med og verkeområdet til forskriftsforslaget

Forskrifta skal sikre ei berekraftig utvikling av oppdrettsverksemda i Hardangerfjorden, der ein særleg skal ta omsyn til forhold knytt til fiskehelse for oppdrettsfisken og ville bestandar av laksefisk, jf. § 1 i forskriftsutkastet.

Som det går fram fleire stader i høyringsbrevet har styresmaktene i lengre tid arbeidd med å få på plass ei regulering som medverkar til at ville bestandar og oppdretta laksefisk kan leve side om side i Hardangerfjorden. I dag er særleg smittepresset av lakselus på ville stammar av laksefisk høgt. Dette kjem mellom anna av at den ståande biomassen i området er høg. Det er derfor naudsynt å få på plass ei løysing der omsynet til både vill fisk og oppdrettsnæringa er teke vare på.

Forslaget til Hardangerfjordforskrift regulerer løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeare i Hardangerfjorden, og omfattar alle løyve for produksjon i sjø.

Forskrifta omfattar den ståande biomassen i Hardangerfjorden (i utvida tyding). Grensene for forskrifta sitt geografiske verkeområde er nøye oppgitt i koordinat i vedlegget til forskriftsforslaget.

5.2. Etablering og utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden

Det går fram av § 5 i forslaget at det ikkje er tillate å gi løyve til etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Vidare vil det ikkje vere tillate å gi melding om samlokalisering av løyve til havbruk inn til eller innanfor verkeområdet. Dette inneber inga endring av dagens tilstand. Instruksen frå april 2008 vil bli avløyst av denne føresegna. Formålet med føresegna er å stanse ytterlegare oppbygging av produksjonskapasitet innanfor verkeområdet til forskrifta. Saman med forslaget i § 6 om reduksjon av taket på biomasse i Hardangerfjorden, vil dei nye reglane for kontroll av lus i akvakulturanlegg, Mattilsynet si soneforskrift for Hordaland og Mattilsynet sine avlusingskampanjar i sum hjelpe til at lusepresset på ville bestandar av laksefisk kan minke.

Forbodet mot å etablere eller utvide lokalitetar gjeld ikkje der det blir nytta produksjonsløysingar som blir drivne under særlege vilkår, jf. også forslaget § 7.

5.3. Tak for ståande biomasse på 50 000 tonn og innretting av næringa ved overskriding av taket

I § 6 første ledd foreslår departementet at den ståande biomassen i konvensjonelle produksjonsløyningar (dvs "vanlege" oppdrettsmerder) i Hardanger ikkje skal overstige 50 000 tonn. Grensa på 50 000 ståande biomasse er sett for å redusere talet på fisk i sjøen i konvensjonelle produksjonsløyningar. Departementet meiner at ei regulering av den ståande biomassen i området, saman med fleire andre tiltak som er sette i verk i området, kan medverke til å redusere lakseluspresset på ville laksestammar.

Andre ledd i forslaget gir reglar om kva som skjer dersom den ståande biomassen overstig grensa på 50 000 tonn. Dersom biomassen i Hardanger i konvensjonelle produksjonsløyningar går over 50 000 tonn i to månader etter kvarandre, skal kvart løyve innanfor verkeområdet til forskrifta reduserast med tilsvarende del som overskridinga utgjer. Dette betyr at dersom den ståande biomassen er 55 000 tonn (ved nyttår var den ståande biomassen 56 000 tonn), som er ei overskriding på 10 prosent, skal alle løyve som blir nytta i Hardangerfjorden reduserast med 10 prosent. (Dette gjeld likevel ikkje for dei løyva som blir drivne under særlege vilkår, jf. forslaget § 7). Alle løyve som blir nytta innanfor verkeområdet til forskrifta skal reduserast i same grad, og det er ikkje naudsynt at overskridinga har vore *samanhengande* i to månader. Det er tilstrekkeleg at summen av den ståande biomassen overstig grensa på 50 000 tonn i to etterfølgjande rapporteringar.

Som det går fram av *tredje ledd*, skal reduksjonen av løyva tre i kraft seks månader etter at vilkåra i første og andre ledd er oppfylt. Seinast tre månader før reduksjonen tek til å gjelde, skal fylkeskommunen orientere alle selskapa som eig løyve i området, og som blir påverka av innskrenkinga i MTB-en i løyva, jf. *fjerde ledd*. Dette betyr at oppdrettarane i området får 6 månader til å tilpasse produksjonen sin til den nye MTB-grensa i løyva sine, og dersom dei har meir biomasse enn tillete må dei:

- a) Redusere den konvensjonelle produksjonen og i staden utnytte den reduserte delen av løyvet i tråd med § 7, *eller*
- b) Flytte heile eller delar av produksjonen sin ut av verkeområdet til forskrifta, og ev. slakte ut fisk, *eller*
- c) Redusere produksjonen og ev. slakte ut fisk, utan å nytte høva under a) eller b).

Dersom grensa på 50 000 tonn biomasse igjen blir overskriden, kan det vere to hovudgrunnar til dette som åleine eller i kombinasjon kan gi eit slik resultat:

- a) Ein eller fleire oppdrettarar har overskride MTB-grensa si.
- b) Oppdrettarane har blitt flinkare til å utnytte løyva sine, slik at dei trass i den første reduksjonen klarer å ha ståande ein biomase som er større enn 50 000 tonn.

Dersom ein eller fleire oppdrettarar har overskride sin MTB-grense, vil dette kunne bli møtt med straff og andre reaksjonar etter akvakulturloven. Dersom oppdrettarane har

blitt flinkare til å utnytte løyva sine, vil styresmaktene igjen redusere løyva, i samsvar med § 6.

5.4. Utnytting av løyve på særlege vilkår

I forslaget til § 7 går det fram at dersom det skjer ein reduksjon i løyva etter regelen i med § 6, kan oppdrettar utnytte den reduserte delen innanfor Hardangerfjorden, men på særlege vilkår.

Vilkåret er knytt til utslepp av lakselus, som på kort sikt er den viktigaste påverknaden å få kontroll med av omsyn til villaks og sjøaure. Vilkåret vil gå fram av § 7 første ledd og vil svare til kriteriet for lakselus ved tildeling av nytt løyve til oppdrett av laksefisk, når *forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2013 blir vedteken*. Framlegget her har soleis ikkje betydning for talet på løyve som skal lysast ut i 2013-runda.

Departementet gjer særskilt merksam på at løyve som blir gjort om etter denne føresegna, ikkje har nokon samanheng med løyva som vert lyset ut etter *forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2013*, anna enn at krava til miljøgevinst er dei same.

Vi vil gi ei nærare omtale av kriteria når forskrifta om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure blir sendt på alminneleg høyring.

Løysinga skal godkjennast av Mattilsynet, jf. *andre ledd*. Det vil vere naturleg at Mattilsynet, i si vurdering, ser på dei avgjerdene som faggruppa og departementet har teke i samband med tildeling av løyve etter forskrift om til *havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2013*.

For å gjere det mogleg å føre kontroll med føresegna, skal biomasse som blir produsert i samsvar med § 7, haldast i eigne produksjonseiningar, og oppdrettar må rapportere særskilt til styresmaktene for desse, sjå forslag til § 9.

5.5. Felles biomassetak i Hardangerfjorden

I § 8 er det presisert at summen av alle løyva som er tildelt for same art og type, og som tilhøyrer same eigar, utgjer eit eige biomassetak innafor Fiskeridirektoratets region Vest. I Hardangerfjorden og Langenuen er produksjonskapasiteten 87 158 tonn fisk. Dette utgjer summen av alle løyva som er tildelte til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure, og løve til særlege formål, sjå laksetildelingsforskriften §§ 22-27. Løyve til stamfisk er likevel ikkje omfatta, jf. laksetildelingsforskriften § 28. Den *ståande* biomassen i konvensjonelle produksjonsløyvingar skal likevel ikkje overstige 50 000 tonn fisk, sjå forskriftsforslaget §§ 6 flg.

Summen av alle løyva som eit føretak eig, vil utgjere biomassetaket til føretaket. Dersom fleire selskap er kontrollert av eit selskap – eit konsern, vil summen av alle løyva til alle selskapa utgjere eit biomassetak for det kontrollerande selskapet (konsernet).

Etter *andre punktum* i forslaget til § 8 er det opna for at eit konsern kan søkje fylkeskommunen om eit felles biomassetak for konsernet. For uttrykket ”konsern” ligg den same forståinga til grunn som i regnskapsloven § 1-3.

5.6. Tilsyn, vedtak og rapportering

Fiskeridirektoratet er tilsynsmyndigheit, og det er fylkeskommunane i området som gjer vedtak etter §§ 5-8 i forskriftsforslaget, sjå utkastet § 9. Mattilsynet skal likevel godkjenne eventuelle løysingar etter § 7. Departementet vil vere klageinstans for slike avgjerder.

Klageinstans for vedtaka til fylkeskommunen er Fiskeridirektoratet.

Vidare er det foreslått i § 9 tredje ledd at Mattilsynet og Fiskeridirektoratet kan krevje opplysningar som er naudsynte for å kontrollere om vilkåra i §§ 6-8 er oppfylt.

5.7. Reaksjonar ved brot på regelverket

Det er opna for at det kan gjerast vedtak om reaksjonar eller sanksjonar i tråd med akvakulturloven eller matloven, sjå forslaget § 10. Dette inneber at brot på føresegn i forskriftsforslaget for eksempel kan føre til pålegg, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr) eller straff.

5.8. Ikrafttreding

Departementet tek sikte på at forskrifta skal ta til å gjelde 1. januar 2014. Det gir havbruksnæringa tid til å områ seg. I tillegg er det slik at ein reduksjon i biomassen ikkje kan skje før minimum 8 månader etter at forskrifta tek til å gjelde, jf. § 6. Til saman får næringa då 12-18 månader på å tilpasse seg nytt regime, noko departementet som utgangspunkt meiner er ei rimeleg tid. Departementet ønskjer likevel at høyringsinstansane uttaler seg om dette.

5.9. Erstatning

Reduksjon av MTB kan føre til at nokre verksemder blir nøydde til å flytte eller redusere heile eller delar av verksemda si. Dette vil ikkje gi grunnlag for erstatningsplikt for staten. Den næringsdrivande må i utgangspunktet sjølv ta risiko for endra rammevilkår, og staten vil heller ikkje erstatte utgifter som følgje av vedtak om reduksjon av MTB på selskaps- eller konsernnivå. Departementet presiserer at MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest, som ikkje er omfatta av verkeområdet til forskrifta. Dersom verksemder får behov for å søkje om nye eller utvida lokalitetar utanfor Hardangerfjorden, må søkjar som

vanleg betale gebyr etter *forskrift 21. desember 2001 nr. 1597 om gebyr og avgift i forbindelse med akvakultur.*

6. Vurdering av konsekvensar for nytt reguleringsregime i Hardangerfjorden

6.1. Konsekvensar for ville bestandar av laksefisk

Forslaget om å setje ei grense for den ståande biomassen på 50 000 tonn for produksjon i konvensjonelle produksjonsløyningar, vil medverke til at villaks- og sjøaurebestandane i Hardangerfjorden får eit redusert lusepress, jamført med situasjonen i dag.

Departementet ber særskilt om innspel frå innehavarar av rett til lakse- og sjøaurefiske om kva for konsekvensar forslaget kan få for deira næring.

6.2. Konsekvensar for næringa

Det er ikkje mogleg å gi eit nøyaktig tal på kor mange arbeidsplassar som kan gå tapt eller kor stor nedgangen i produksjonen og verdiskapinga forslaget vil kunne få. Dette vil blant anna vere avhengig av kven og kor mange konsern eller selskap som vil flytte produksjonskapasiteten ut av Hardangerfjorden og til andre lokalitetar i Region Vest eller Region Sør, som er tillate etter det gjeldande regelverket. Vidare er konsekvensane også avhengig av kor mange eller kor stor del av biomassen som vil bli i eller bli flytta ut av Hardanger, eller kor stor del av biomassen som blir produsert på særlege vilkår (sjå utkast til § 7).

For at vi kan få ei betre oversikt over kor stor biomasse som det er aktuelt å utnytte på andre stader enn i Hardangerfjorden, ber vi om innspel frå næringa på kven eller kor mange oppdrettarar som har moglegheit til og ønskjer å utnytte produksjonskapasiteten på andre stader, i tråd med det gjeldande regelverket.

Ved berekninga av konsekvensane som departementet har gjort, har vi teke utgangspunkt i at det blir innført eit øvre tak på 50 000 tonn, og at alle løyva til å drive i konvensjonelle produksjonsløyningar som er i Hardangerfjorden og Langenuen i dag, må reduserast med 11,5 % (altså 10 000 tonn i produksjonskapasiteten). Desse overslaga byggjer på at drifta i Hardangerfjorden føregår som i dag, utan at det blir flytta biomasse ut av området eller at drifta skjer under særlege vilkår (sjå forslaget § 7).

Konsekvensane som er rekna på her, vil altså kunne avbøtast med utflytting og drift under særlege vilkår etter § 7 i forslaget.

6.3. Redusert produksjon og verdiskaping

Analyser frå Fiskeridirektoratet, som tek omsyn til Mattilsynet si soneforskrift, viser at den ståande biomassen i Hardangerfjorden i løpet av den siste tida stadig overstig

50 000 tonn. Det er vanskeleg å vurdere eksakt kva for konsekvensar forslaget som ligg til grunn i dette høyringsbrevet vil gi for produksjonen. Som nemnt, vil dette henge saman med kor mange oppdrettarar som vel å drive under særlege vilkår, og kor mange som ønskjer eller har høve til å flytte ut av Hardangerfjorden.

Dersom dagens tilstand ligg til grunn og dersom det blir innført eit tak på 50 000 tonn ståande biomasse i konvensjonelle produksjonsløyvingar, må alle som eig dei eksisterande løyva i Hardangerfjorden redusere biomassen i løyva med 11,5 prosent (totalt ca. 10 000 tonn produksjonskapasitet). Ut frå desse føresetnadene, går vi ut frå at produksjonen i konvensjonelle løyvingar vil bli redusert med ca. 10 000 tonn. Målt i eksportverdi, svarar dette til ein reduksjon i verdiskapinga på om lag 305 millionar kroner per år, dersom ein går ut frå at utnyttingsgraden i Hardangerfjorden og Langenuen er 65 prosent. Vi har her berre sett på direkte reduksjon i verdiskapinga, og ikkje ringverknadene. Ringverknadene er normalt i same storleik som den direkte verdiskapinga.

Nedanfor er det sett opp ei oversikt som gir ei sjablongmessig vurdering av reduksjon i produksjon og verdiskaping sett i høve til dagens produksjon. Vi understrekar at dette berre gir eit uttrykk for reduksjonen i produksjon og verdiskaping målt i eksportverdi, og at det ikkje er teke med andre kostnader som kan kome til som ein følge av høyringsforslaget.

Scenario 1 svarar til høyringsforslaget til departementet. Etter berekningane vil eit krav om ståande biomasse på 50 000 tonn fisk føre til at produksjonen blir redusert med om lag 10 000 tonn fisk. Scenario 2 og 3 illustrerer reduksjon i produksjon og verdiskaping, dersom den ståande biomassen blir teken ytterlegare ned, til høvesvis 45 500 tonn og ca. 42 000 tonn.

	Total MTB på løyvenivå	Ståande biomasse ved 65 % utnytting	Produksjon 2008-2010	Produksjon (UK ⁵ =0,75)	Reduksjon i produksjon	Verdiskaping målt i eksportverdi (30 kr/kg)	Reduksjon i verdiskaping målt i eksportverdi (30 kr/kg)
I dag	87 158	56 653	67 528	67 528	0	2 025 840 000	0
Scenario 1	76 500	49 725	67 528	57375	10 153	1 721 250 000	304 590 000
Scenario 2	70 000	45 500	67 528	52500	15 028	1 575 000 000	450 840 000
Scenario 3	65 000	42 250	67 528	48750	18 778	1 462 500 000	563 340 000

⁵Uttakskoeffisienten i Hardangerfjorden (inkl. Langenuen) berekna av Fiskeridirektoratet.

6.4. Verknad for sysselsettinga

Samanhengen mellom reduksjon i produksjon og tap av arbeidsplassar er ikkje lineær. Dette vil seie at dersom produksjonen går under eit visst nivå, vil talet på arbeidsplassar gå mykje ned fordi det ikkje lenger er grunnlag for å oppretthalde drifta på slakteri eller foredlingsanlegg. Vi legg likevel til grunn at det kan gå tapt ca. 7 sysselsette per løyve (3,5 direkte og 3,5 indirekte sysselsette).

Dersom grensa på 50 000 tonn trer i kraft, og produksjonen blir redusert med ca. 10 000 tonn, samla sett kan det etter våre berekningar gå tapt om lag 100 arbeidsplassar i Hardanger og Sunnhordland. Vi understrekar at desse verknadene kan avbøtast ved at aktørar flyttar ut av Hardangerfjorden eller nyttar høvet til å produsere laks i Hardangerfjorden under særlege vilkår (sjå forslaget § 7).

Departementet ber om at havbruksnæringa kommenterer særskilt konsekvensane av forslaget for deira næring.

6.5. Genbank for lakse- og aurestammar i Hardangerfjorden

Etter høyringa, vil Fiskeri- og kystdepartementet vurdere om forvaltningsregimet som er foreslått skal settast i verk. Dersom forslaget blir sett i verk, skal det etablerast genbank for dei aktuelle lakse- og sjøaurestammene i området. Det er i dag 18 sjøaurebestandar av ein viss storleik og 10 laksestammar som er sjølvreproduserande i Hardangerfjorden og områda i kring. Kostnadene for ein genbank er usikre og vil vere avhengig av kor mange lakse- og sjøaurestammar som skal leggest inn i ei slik ordning. Regjeringa vil eventuelt komme attende med eit eige forslag om dette i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013.

6.6. Konsekvensar for forvaltninga

Forslaget til Hardangerfjordforskrift vil bidra til eit meir komplisert havbruksregelverk og vil også føre til eit auka behov for tilsyn og kontroll med næringa i hardangerfjordområdet. Auken i byrder som følgje av forskriftsendringane som er foreslått vil likevel ikkje ha budsjettmessige konsekvensar, og må dekkast innanfor dei tildelte midlane til Fiskeridirektoratet.

Med helsing

Vidar Landmark
ekspedisjonssjef

Yngve Torgersen
avdelingsdirektør